

[Les mer](#)

SAL AV ØL UBETJENT BUTIKK STAMNES HANDEL ADMINISTRATIVT

Ølsal i ubemannanna butikk til midten av oktober



FORNØGD: Paul Børhaug var godt fornøgd med lengre opningstider, då han nyleg var innom butikken på Stamnes. Foto: Jan-Egil Dyvik/arkiv

Av [Jan-Egil Dyvik](#)Sist oppdatert: 09.08.24 08:24 

Del

Vaksdal kommune har nyleg gjort eit administrativt vedtak om at Joker Stamnes får selja øl i gruppe 1 (inntil 4,7 % alkoholinnhald), fram til kommunestyret har møte midt i oktober.

For abonnentar

Løyvet er gjeve medan ein ventar på at søknaden om salsløyve kan koma opp i Levekårsutvalet 24. september og i kommunestyret 15. oktober, der det vert teke endeleg avgjerd.

Delvis ubetjent

For kort tid sidan gjekk Joker Stamnes over til å verta delvis ubetjent butikk. Opningstidene er utvida, og i dette tidsrommet vil butikken vera ubetjent, går det fram av det administrative vedtaket.

Butikken i Eksingedalen vert også trekt fram i saksutgreiinga. Denne salsstaden har alt prøvd ut løysinga i ubemanna butikk, og har gode erfaringar med det.



LES OGSÅ


Ikkje lenge til sjølvbetjent butikk på Stamnes

- Salet ved Eksingedalen Nærkjøp var eit prøveprosjekt fram til utgangen av 2023, med ein plan om at kommunestyret skulle evaluera ordninga innan 1. november 2023. Diverre brann butikken ned før ordninga kunne evaluerast, heiter det.



OPNING: Butikken på Stamnes har no fått utvida opningstid, noko som er heilt nødvendig for å møte konkurransen, meiner dagleg leiar i Joker Stamnes, Jolanda Nijman. Foto: Arkivfoto

Det kjem også fram at både Modalen og Osterøy kommunar har gjeve løyve til sal av alkohol i ubemanna butikk som ei prøveordning, som skal evaluerast denne hausten. Vaksdal kommune er ikkje kjend med at kommunar i Vestland har gjeve avslag på liknande søknader.



Lege
(prøv)

Teknisk løysing

I vedlegg til søknaden vert det skildra ei teknisk løysing for sal i ubemanna butikk, og ei løysinga som skal vareta kravet til sal av alkoholhaldig drikke.


- Det er planlagt løysingar som skal sikra internkontroll som svarar ut utfordringane knytte til teknisk kontroll av alder, plassering, salstider og vurdering av personane si åtferd og tilstand. Ordninga Joker Stamnes ønskjer å innføra er «Delvis-selvbetjent butikk» der alt sal av alkohol er betjent-fjernbetjent, og må ikkje forvekslast med betjente butikkar med «sjølvbetjent kasse», heiter det.



LES OGSÅ

Set opp hjartestartar på Joker Stamnes

I søknaden til Joker Stamnes kjem det fram at med teknologien dei skal bruka (RMA-Butikkstyring), vil butikken ha betre kontroll enn det som er mogeleg å få til i ein fysisk betjent butikk, og såleis kan dei oppfylle lover og forskrifter for sal av alkoholhaldig drikke.



LES OGSÅ

Vil gjera Joker Stamnes sjølvbetent

Sikrar internkontroll

Det vert brukt avansert teknologi som både styrer og overvakar butikken, i eit fint samspel med den som har ansvaret for butikken. Det er Mat-Norge som leverer teknologien RMA-butikkstyring. Kommunedirektøren vurderer at den løysinga som Joker Stamnes skildrar i stor grad vil kunna sikra naudsynt internkontroll.



LES OGSÅ
**Overskot for Stamnes
Handel i fjor**

- Salsstaden har sjølv ansvaret for å sjå til at alkohollova sine reglar vert etterlevde og at ein har tilstrekkelege rutinar for dette. Kommunen har ansvar for å føra kontroll med at salsstaden etterlever alkohollova, skriv kommunedirektøren mellom anna i det administrative vedtaket som er gjort.

Les meir om: [Sal av øl](#) [Ubetjent butikk](#) [Stamnes Handel](#) [Administrativt](#)

Se kommentarer

Fleire saker



Ølsal i ubemannanna butikk til midten av oktober